



**Type hus:**

Stall

**Opprinnelag frå: G.Br.F.nr:**  
Blessum nordigard 24/1

**Byggeår/-periode:**

**Nåverande plassering: G.Br.F.nr:**  
Jutulheimen

**Restaureringar/ombyggingar:**  
Oppsett i Jutulheimen i 1957.

## **Omtaler/gamle biletet av bygnaden:**

Frå årsmelding for 1957 – 31/7 1963: "Våren 1957 vart den gamle stallen frå Nordigard Blessom kjøpt og uppsett i Jutulheimen som friluftsscene".

Styremøte 24.juni 1957: "Da det nå er von om å få i stand friluftsscenen ved danseplattningen til ca 20.juli blev man enig om å holde åpningsstevne i Jutulheimen søndag den 21.juli".

## **Scena i Jutulheimen**

(Opprinnelag stall frå Blessum Nordigard, 24/1)

Det naturlege amfiet i Kustigholet vart mindre og mindre brukt, og historielaget vedtok at scenen skulle flyttast opp i tunet i samband med restaurering. Dette vart eit omfattande arbeid som kravde stor eigeninnsats og bruk av profesjonelle fagfolk.

Arbeidet starta på etterjulsvinteren 2014 og vart avslutta sommaren 2015. Da hadde det gått med over tusen dugnadstimar frå mange medlemmar: Steinar Løkken stod for prosjektering og søknader. Ulf Røyen var ansvarleg for merking, utskifting/bøting av stokkar m.m og praktisk gjennomføring. Elles var desse med: Even Luseter, Asbjørn Kvarberg, Olav Øyen, Tor Sandbu, Per Nesset, Kristian Aasheim, Ole Kristian Ødegård, Knut Raastad, Dag Aasheim og Arne R. Strand. Sistnevnte med flest dugnadstimar.

Einar Holen plukka ned og la opp att huset med kran. Knut Spakrud stod for graving og drenering og Tor Lund la duk under torvtaket.

Heidal Amatørtaterlag stod for «nyåpning» av scena med *Spelet om Jo Tjøstolvson Kleppe* den 23.august 2015.

Frå årsmeldinga til Vågå Historielag kan vi lesa: «Våren 1957 vart den gamle stallen frå Nordigard Blessom kjøpt og uppsett i Jutulheimen som friluftsscene»

I eit styrereférat frå 24.juni 1957: «Da det nå er von om å få i stand friluftsscenen ved danseplattningen til ca 20.juli blev man enig om å holde åpningsstevne i Jutulheimen søndag den 21.juli»